



## Statens vegvesen

Kristina Britt Hempel  
Hamre / Hamnardalsveien  
5281 VALESTRANDSFOSEN

Behandlande eining:  
Region vest

Sakshandsamar/telefon:  
Lars Ottar Sagstad / 55516434

Vår referanse:  
18/155195-2


Dykkar referanse:

Vår dato:  
31.08.2018

### Svar på søknad om avkørsel – Fv. 365 – gnr. 129 bnr. 96 – Osterøy kommune

Vi syner til søknad av 02.07.2018.

Søknaden gjeld utvida bruk av avkørsel til Fv. 365 for bustad på gnr. 129 bnr. 96. Eigedomen ligg ved eit bustadfelt med 12 bustader som i kommuneplanen er lagt ut til bustadforemål. Aktuell eigedom ligg LNF-sona i kommuneplanen 2010–2022.



Postadresse  
Statens vegvesen

Telefon: 22 07 30 00

Kontoradresse  
Nygårdsgaten 112  
5008 BERGEN

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Regnskap  
Postboks 702  
9815 Vadsø

Org.nr: 971032081

**Vedtak**

Med heimel i veglova [§ 40](#) og [§43](#) gir vi løyve til utvida bruk av avkøyrsla frå Fv.365 til bustadeigedomen gnr. 129 bnr. 96 i Osterøy kommune.

**Vilkår for løyvet**

Løyvet blir gitt i samsvar med *forskrift om alminnelige regler om bygging og vedlikehald av avkøyrslar frå offentlig veg frå Vegdirektoratet 16.7.1964* og *forskrift om retningslinjer for behandling av avkjørselssaker for riksveg frå Samferdselsdepartementet 26.2.1982*.

1. Avkøyrsla skal plasserast i tråd med kartskisse, datert 23.08.2018. I tillegg skal ein følgje *Prinsippskisse*, som ligg ved.
2. Løyvet gjeld utvida bruk til 1 bustadeining.
3. Løyvet gjeld berre tilknytingspunktet til riks-/fylkesvegen. Søkar må sjølv avklare eigedomstilhøva og innhente dei nødvendige rettane som gjeld bruk og opparbeiding av avkøyrslar, frisktsoner og tilkomstveg. Desse rettane bør ein tinglyse.
4. Dersom avkøyrsla går over ei veggrøft, må det leggjast eit røyr. Røyrret må vere tilstrekkeleg langt og leggjast slik at grøfta ikkje blir skadd, og slik at grøftevatnet får renne unna. Vi gjer merksam på at avkøyrsla må opparbeidast slik at regnvatn/dreneringsvatn ikkje renn inn i vegbana i fylkesvegen.
5. Så snart avkøyrsla er ferdig bygd, kan sakshandsamar kontaktast som vil kome på synfaring. Avkøyrsla skal vere godkjend av Statens vegvesen før nye byggearbeid blir set i gang.
6. Arbeidet må være starta opp innan tre – 3 – år etter at løyvet er gitt, viss ikkje fell løyvet bort.



Eigaren eller brukaren av avkøyrsele har sjølv ansvaret for at *Prinsippskisse* til ei kvar tid er oppfylt, mellom anna krav til frisikt (jf. veglova § 43). Dersom krava ikkje er oppfylte, kan Statens vegvesen trekkje tilbake løyvet.

Vi gjer merksam på at arbeidet med avkøyrsla kan krevje arbeidsvarsling og/eller graveløyve. For meir informasjon, sjå:

<http://www.vegvesen.no/fag/Veg+og+gate/Arbeidsvarsling>

<http://www.vegvesen.no/fag/Veg+og+gate/gravemelding/gravetillatelse>

### Bakgrunnen for vedtaket

Statens vegvesen skal i vurderinga leggje vekt på framkomst og trafikktryggleik på vegen det er søkt om avkøyrsele frå. I Rammeplan for avkøyrslar og byggjegransar på riks- og fylkesvegar i Region vest (2017–2020), er fylkesvegen forbi omsøkt avkøyrsele vist med haldningsklasse 3. Dette vil mellom anna seie at

- Godkjenning til utvida bruk av bustadavkøyrslar til bustadføremål bør normalt gjevast dersom dei tekniske krava vert tilfredsstilt. Aktuell eigedom er ein del av eit mindre bustadfelt med 12 bustader. Objekta som ligg i siktstsona må fjernast. Og fall...

### Rett til å klage

Ein kan klage på vedtaket, jf. forvaltningslova § 28. Informasjon om å sette fram klage, går fram av skjemaet «[klage på forvaltningsvedtak](#)». Fristen for å klage er tre veker frå vedtaket vart motteke. Klageinstansen er Hordaland fylkeskommune. Send klagen til Statens vegvesen Region vest, postboks 43, 6861 Leikanger, som vil sende klagen vidare til klageinstansen.

**Vedlegg**

Veglova [§ 40](#) og [§43](#)

Kartskisse

Prinsippskisse

Plan- og forvaltning Bergen

Med helsing

Kari Elster Moen

senioringeniør

Lars Ottar Sagstad


overingeniør

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.*

Kopi

Osterøy kommune, 5282 LONEVÅG


# PRINSIPPSKISSE



Tilsvarende sikt lengder som vist på tegningen må også gjerast gjeldande for trafikken som kjem på hovedvegen og skal inn i avkjørsla (sikt bakover og framover langs hovedvegen)

Av hensyn til snø og vegetasjon skal det i frisiktsonen vera fritt for sikthinder høgare enn 0,5 m. over hovedvegens nivå

## Krav til svingradius for avkjørsla :



## Krav til lengdeprofil for avkjørsla/tilkomstveg:

